

Innspel til høyring om NESH retningslinjer

Takk for dette høvet til å komme med innspel til dei føreslårte oppdateringane av NESH sine forskningsetiske retningslinjer.

Mange av dei føreslårte grepene er gode og er ei føremålsteneleg oppdatering som står betre til forskingslandskapa i dag:

- Særleg er utvidinga av Del D) frå 'oppdragsforsking' til 'Organisering og finansiering' god,
- og det synes fornuftig å flytte 'Forskerfellesskapet' opp til Del A).
- Under Del A) er særleg dei nye punkta 12) Internasjonalt samarbeid og 13) Risiko og sikkerhet viktige tillegg.
- Den større vektlegginga av medbestemming i både Del B og Del C er også ei viktig og god oppdatering,
- og me støttar målet om at dette skal vere forståeleg for og dermed kan vere eit arbeidsdokument også for studentar.

Samstundes har me somme kommentarar der me meiner dette utkastet anten går i feil retning eller stiller seg svakare enn gjeldande retningslinjer. Noko av dette er overordna for heile dokumentet, medan nokre punkt er konkrete, og her legg me inn konkrete endringsforslag:

Overordna merknader

1. Retningslinjene er gjennomgåande adressert til 'forskeren', og legg mykje av vekt og ansvar i denne rolla, trass inkludering av forskingsinstitusjonar og -aktørar i ymse samanhengar. Til dømes står det under dei innleiande *Forskningsetiske forpliktelser* (s. 8) at desse «utdype hvem forskere har ansvar overfor», utan at institusjonar eller andre er nemnd. Eit anna døme er under pkt 13, der ansvar for risiko og tryggleik vert diskutert i stor detalj knytt til forskaren, medan institusjonane følgjer tilsynelatande sekundært og mykje knappare omtalt (ss. 16-17).

Problemet med dette, slik me ser det, er at å leggje hovudvekta for ansvaret for forskningsetikk så tydeleg på forskaren så føreseier det ein etablert, trygg forskar i fast stilling. Samstundes vert mykje forsking gjort av studentar, stipendiatar og postdoks, og gjerne også faste tilsette tidleg i karriera, som står mykje meir utsett for press knytt til publisering, frå interesser, frå kollegaer, osb. (Sjå, t.d., rapporten Unge forskere i Norge frå Akademiet for yngre forskere: <https://akademietforyngreforskere.no/wp-content/uploads/2018/05/Ayf-UngeForskereiNorge2018.pdf>). Desse gruppene har då andre utgangspunkt og me meiner retningslinjene i større grad bør adressere denne ubalansen i makt og posisjon. Ikke for å fråskrive forskarar deira ansvar, men for å tydelegare ansvarleg-gjere institusjonar og oppdragsgivarar saman med dei.

Dette er ein gjennomgåande tendens i utkastet, men me tenkjer at å endre dette ikkje treng vere vanskelegare enn å gå gjennom dokumentet og endre «forskeren» til «forskeren og forskningsaktører/-institusjoner».

2. Me synes å sjå ein gjennomgåande tendens i dokumentet til å bruke meir generelle vendingar og å forhalde seg meir overordna til tematikkane. Dette er kanskje for å korte ned og gjere retningslinjene meir tilgjengelege, men me synes ofte konsekvensen blir ein mangel på presisjon som gjer retningslinjene mindre nyttige, som eit arbeidsdokument. To døme:

Under pkt 36. Uavhengighet i forskning, står det «... For å sikre den allmenne tilliten til forskning er det viktig å opprettholde «en armlengdes avstand» mellom forskning og andre interesser, både i forskningspolitikken og i organiseringen og finansieringen av enkeltprosjekter.» - kva vil 'ei armlengds avstand' seie? Det er jo nettopp for å få hjelp til slike avklaringar at ein vender seg til retningslinjene. Å berre slå det fast, slik som her, er lita hjelp.

Under pkt 43. Rett til offentliggjøring står det: «*Kunnskap er et kollektivt gode, og forskningsresultater bør som hovedregel publiseres så åpent som mulig.*» Her gjer kvalifiseringane 'bør', 'som hovudregel' og 'som mogleg' punktet mykje svakare enn dei gjeldande retningslinjene, og tek då mykje av krafta ut i frå dette punktet.

Som nemnd meiner me dette er ein gjennomgåande tendens, og det blir difor omfattande å liste opp alle stadar der dette førekjem. Me vil likevel nemne det i tilfelle dette ikkje er ei tilskikta endring – og i tilfelle det er eit medvite val så synes me det burde bli løfta fram i høyrbrevet som eit nytt, gjennomgåande grep, med tilhøyrande grunngjeving for det.

Konkrete merknader

1. Innleiing om Grunnleggende forskningsetiske prinsipper (s. 4-5): Denne nye innleiinga framstår som ei samling velmeinte floskslar på eit veldig abstrakt nivå og me ser ikkje nytta av å ha denne med. Desse generelle verdiene er sjølv sagt ikkje i vegen for noko, men når dei er så generelle at dei ikkje har praktisk bruk så synes det like greitt å ta dei ut. Her synes me den gjeldande innleiinga, som avklarar retningslinjene sitt føremål og rammer, er meir sakleg og nyttig.
 - a. Som eit underpunkt her kan me legge til at det i teksten her òg skin gjennom eit kunnskapssyn som framstår som noko datert, jmf. «sannhetsforpliktelse» m.m. Me tenkjer det ikkje er tilfeldig at kjeldene som bli vist til som grunnlag for dette er frå 1986/1942.
2. Etiske retningslinjer og juridiske lover: I det nye utkastet er denne grenseoppgangen mellom etikk og juss føreslått lagd ut i eit vedlegg, for å styrke skiljet mellom desse to arenaene. Me ser intensjonen i dette, men synes sjølv at den er nyttig å ha med i sjølvre retningslinjene, med tanke på at dette skal vere eit arbeidsdokument.
3. 13. Risiko og sikkerhet (ss. 16-17): Me viser til dette dømet over, men vil gjerne understreke det som eit eige punkt i tilbakemeldinga, nemleg at institusjonane si rolle og sitt ansvar bør komme tydelegare fram her, i å støtte, legge til rette for og bistå forskrarar i prosjekt og arbeid dei risiko og tryggleik er utfordringar. Etter vår erfaring er dette ei blindsone ved mange institusjonar og at mange forskrarar difor står i dette utfordrande landskapet åleine.

4. 32. Kulturhistoriske kilder (ss. 31-32): Vi er samd i at omgrepene «kulturminne» vert erstatta av det meir presise «kulturhistorisk kjelde». I høyringsbrevet framgår det at nye pkt 32, i Del C, om kulturhistoriske kjelder er ei oppgradering av tidl pkt 22 Vern av kulturminner, men etter vår lesing er dette ikkje heilt vellukka.

a. Eit særlig viktig punkt her gjeld den nye avsnittsinndelinga, som gjer at tredje avsnitt i pkt 32 no er:

«Forskning som ødelegger kildemateriale, reiser egne etiske dilemmaer. Verdien ved forskningen må veies opp mot hvor mye av materialet som ødelegges eller endres.

Forskere og forskningsinstitusjoner må ikke bidra til plyndring, tyveri eller ulovlig omsetning av kulturminner. Forskere, museer og forskningsinstitusjoner må utvise aktsomhet og kun tilegne seg kulturminner og kulturhistorisk kildemateriale som er framkommet på en åpen ...»

Her brukar det nye utkastet ordlyden frå gjeldande retningslinjer, men den nye avsnittsdelinga er **svært uheldig**. Der første og andre setningen i gjeldande versjon høyrer til det føregåande avsnittet og forklarar sikring og bruk av materiale, kan dei i forslaget her bli lesne som ei betinging av innhaldet i tredje setning og utover. Dvs. at stillingstaking til plyndra og ulovleg materiale må/kan bli vurdert opp imot verdien av forskinga. Ei slik lesing, som er mogleg i den nye avsnittsinndelinga, vil vere ei oppmuking av retningslinjene på dette punktet og går mot viktige steg som endeleg er undervegs omkring desse problema.

Neste setning kan trenge ei presisering: «Dersom opphavet er omstridt, ukjent eller uklart, bør forskere vurdere og avklare forskningsmaterialets opprinnelses- og eierhistorie (proveniens) for at forskningen skal være etisk forsvarlig.»

Dette kan også lesast som ei oppmuking av retningslinjene. Som et minimum bør setningen ryddes. I stedet for «oppført» bør det stå «eierhistorie». Oppført kan forstås som forhistorisk oppført. For å presisere at ein ønskjer vurdering OG avklaring, bør det legges til «både», altså bør forskere BÅDE vurdere etc. Ein betre løysing etter vårt syn, er «bør forskere vurdere forskningsmaterialets opprinnelses- og eierhistorie, og avklare materialets rettmessige eierskap for at forskningen skal være...» Poenget er todelt: Hindre at ein gir fagleg bidrag til fordel for en urettmessig eier. For det andre for å sikre at en ikkje umedvite inkluderer forfalska kjelder i forskningsmaterialet.

5. 46. Formidling og institusjonenes ansvar (ss. 40-41): Dette heng saman med kommentaren vår i pkt 3 over, om risiko og tryggleik. Under pkt 13 blir risiko og tryggleik nemnd som viktig òg når det gjeld formidling («Det er også viktig å vurdere risiko for trusler, sanksjoner og belastninger ved formidling av forskning i ulike kanaler (jf. Del E. Forskningsformidling).»), men me meiner dette bør få meir merksemd og bli følgd opp òg i Del E), under institusjonane sitt ansvar.

Det offentlege ordskiftet er oppheta og polarisert, og kontaktflata mellom forskarar og publikum er tettare. Dette er eit gode på mange vis, men det gjer òg forskarar meir utsette. Dette er særskilt viktig i arbeidet med mangfold i akademia. Pushback, doxing og trugsmål rammer ikkje berre forsking som oppfattast som kontroversiell. Forskarar som ikkje har majoritetsbakgrunn møter like gjerne motstand som er knytt til den offentlege

identiteten vår, på ein måte som avgrensar forsking og fridom. Difor meiner me det er viktig å òg ha med risiko og tryggleik inn under forskingsformidling, og då hovudsakleg som eit institusjons-, og eventuelt samfunnsansvar.

Nils H. Korsvoll og Josephine Munch Rasmussen, førsteamanuensis og postdoktor, universitetet i Agder